

AKTIVITETSDAG



Uskedal Båthavn

Laurdag 13.juni

Program:

11.00 Opning v/konfransier Odd Steinar Arnesen

12.00 Kvinnherad Trekkspelklubb

12.30 Sjørøvarkaptein Sprød ankrar opp i Båthavna. Han treng hjelp av alle store og små sjørøvarar til å finna skatten som ligg gøymt i Uskedalen.



13.30 Skulemusikken

14.00 Andaløp i Uskedalselva

15.00 "Hopp i Havet"



11.00-15.00: Grilling, kaffi, kaker, sukkerspinn, ansiktsmaling, hoppeslott, surfesimulator, lotteri, lykkehjul, musikk, brannbilturar, tøffetoget, div. standar & salsbodar.

Arr. Aktivitetshusets Damevenner

No er programmet for Aktivetsdagen klart (sjå over) og Aktivitetshusets for anledningen Piratdamevenner oppmodar store og små om å finna fram sjørøvarantrekket og komma i båthamna 13. juni.

Det gjeld særleg dei som vil vera med sjørøvarkaptein Sprød og leita etter skatten!

Ellers fortel Anita Enæs at eldsjelane bak prosjektet arbeider hardt med å få ferdig styrkerommet i Aktivitetshuset slik at det blir klart til å opnast denne dagen.

Ho oppmodar også alle som kjem i bil om ikkje å parkera ved kyrkja eller grana då det skal vera bryllaup i Helgheim denne dagen.

Det vil bli sett opp skilting om parkering. Blant anna vil idrettsbana bli teken i bruk.

Av Ola Matti Mathisen